




Stifta 1978

# LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

## ÅRSMELDING

1983/84



Sakliste

- 1 Godkjenning av innkallinga
- 2 Godkjenning av årsmelding og reknskap
- 3 Val
  - Styret: Formann, 2 styremedlemar
  - Jaktutv: Formann, medlem og varamann
  - Fiskeutv: Medlem og varamann
  - Valnemd: Medlem
- 4 Film
- 5 Ymse

## Årsmelding.

Sidan siste årsmøte i februar 1983 har det som alle veit vore liten aktivitet i Leikanger Jakt og Fiskelag.

Dette får eg som formann ta skulda for, eg har rett og slett ikkje hatt overskot til å gjere ein god jobb innan laget på grunn av mykje nytt å setje seg inn i på arbeidet og andre ting som eg ufrivillig er komen inn i.

Det som har vorte gjort er det nødvendige av korrpondanse, vidare er det innkjøpt ny ovn som er frakta med snøscooter til hytta i Tråstadalen. Montering av denne er ikkje føreteke då dei gamle røyrene ikkje kunne nyttast.

Vi håpar å få kostnadane for dette dekkja av Kommunen.

Ellers har det vore halde fiskekonkurransar i Fjørlandsetevatnet i både 83 og 84 desse var like populære som tidlegare år. Nils Henjum var primus motor som vaneleg og var skjølvsagt å finne blandt premievinnarane.

Sommaren 83 vart det utsett yngel i Henjumelva, laksestyret betalte for denne og Bjarne Njøs, Kjell Optun og eg stod for utsetjinga på tre stadar oppetter elva, i allt 3000 yngel.

I desember 83 deltok fem av medlemmane på eit møte på Leikanger Hotel der fylkessekretæren orienterte om den nye jegerprøve ordninga, det var ogso tilstades medlemmar frå laga i Sogndal og Aurland.

Det var interessant å høyre på og det er heilt på det reine at dersom laget skal påta seg opplæring av jægrar vil det verte mykje arbeid for dei som skal ha ansvaret.

Det er ein teoretist del, og ein praktisk.

Kanskje det kan vere ein tanke å ha eit samarbeid med Sogndal i denne saka.

Styret har denne perioden vore samansett slik:

Formann	Steinar Næss
Varaform.	Nils O. Røysum
Kasserar	Per Hauge
Styrem.	Jon Skårhaug
"	Aa Aasen
Varam.	Bjørn Hagen

### Utval

Jaktutval P.T. Stadheim formann, Per Røysum, Arne E. Hamre, L Frøkaland

Fiskeutval Svein Inge Moum form. Agnar Gåserud, Nils T. Henjum  
Knut Haukeland.

Valnemd, Arthur Røysum, Audun Liljedal, Rolv Rosenlund

Hermansverk, 9/4-85

*Steinar Næss*  
Steinar Næss



LEIKANGER  
JAKT- OG FISKELAG

4

Styret i LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1983

Formann

*1. år*

A Steinar Næss *Sven Erik Vestby*

Nestformann

B Nils Ø. Røysum *Bjørn Fjøsne*

Kasserar

A Per Hauge

Sekretær

B Aa. Aasen *Gj*

Styremedlem

A Jon Skårhaug

Varamann

B Bjørn Hagen *Gj*

Formann i jaktutvalet

B P.T. Stadheim *Gj*

A Per Røysum

B Arne E Hamre *Kolbjørn Nord*

Varamann

B Leif Frekaland *Gj*

Formann i fiskeutvalet

A Svein Inge Moum

B Agnar Gåserud *Gj*

Varamann

A Nils T Henjum

B Knut Haukeland *Gj*


Valnemd

B Rolv Rosenlund *Kjell Optau*

A Arthur Røysum

A Audun Liljedal





**LEIKANGER  
JAKT- OG FISKELAG**

5

Leikanger 10/4-85

UTDRAG FRÅ REKNESKAPEN 1/3-83-1/3-85

AKTIVA

Kasse	kr.	66,-
Bank	"	6084,32
Postgiro	"	<u>2867,05</u>
Til saman	kr	<u>9017,37</u>

DIVERSE INNTEKTER/UTGIFTER

Medlemskonto	kr.	2160,-	
Leirduebane	"	1996,90	915,-
Lotteri -83	"	6630,-	1252,75
Div.	"	1625,13	2969,34



# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## ÅRSMØTEREFERAT 1985

Den 12. april 1985 kl. 1900 var det årsmøte i Leikanger Jakt- og Fiskelag på kafe Elvegard.

Det var møtt fram 18 medlemmer.

Til møtet var det sett opp slik sakliste:

1. Godkjenning av innkallinga
2. Godkjenning av årsmelding og rekneskap.
3. Val

Styret: Formann, 2 styremedlemar

Jaktutval: Formann, medlem og varamann

Fiskeutval: Medlem og varamann

Valnemnd : Medlem

4. Film

5. Ymse

SAK 1 Det var ingen merknader til innkallinga til årsmøtet.

SAK 2 Formannen la fram årsmeldinga. Det var ingen merknader til den. Kasserar Per Hauge la fram rekneskapet og gjekk gjennom det. Heller ikkje til rekneskapet var det merknader. Reknekspaen viser aktiva på kr. 9017,37.

Bjarne Njøs stilte spørsmål om det var søkt om kulturmidlar til laget. Til dette svarte formannen at det ikkje var søkt om slike midlar.

SAK 3 Formanne sette fram forslag på Bjørn Fjøsne som ny varaformann. Han vart vald einstemmig. Til styremedlemar vart det sett fram forslag om attval av Bjarne Hagen og Aasmund Aasen. Begge vart einstemmig attvalde.

Til jaktutvalet var det sett fram forslag om attval av Per Trygve Stadheim, Kolbjørn Nord nytt medlem og attval av Leif Frækaland som varamann. Alle tre vart einstemmig valde.

I fiskeutvalet sto Agnar Gåserud og Knut Haukeland på val. Begge vart einstemmig attvalde.

I valnemnda går Rolf Rosenlund ut. Det vart sett fram forslag på Stein Jarle Fossen og Kjell Optun. Forslaget på Stein Jarle Fossen vart trekt og Kjell Optun vart einstemmig vald.


Som ny formann vart det sett fram forslag på Bjarne Njøs, Jakob Holen og Sven Erik Vestby. Ingen av kandidatane sa seg viljuge å stå som formann. Etter ein del diskusjon sa Vestby seg viljug til å ta formannsjobben i 1 år som ein prøveperiode. Forslaget på dei to andre

vart så trekt og Vestby vart einstemmig vald for 1 år.

SAK 5 Bjarne Njøs reiste spørsmålet om reparasjon av tersklane i Henjaelva. Han bad det nye styret ta dette opp med rette vedkomande. Styret vart vidare oppmoda om å ta opp spørsmålet om fjerning av demninga nedom Lakshøl.

Det vart elles ein del diskusjon om kultiveringsarbeidet i Henjaelva. Laget har i dei seinare åra vore behjelpeleg med utsetting av ein god del yngel i elva. Det er sett ut i alt ca. 10 000 lakseyngel og ca. 3000 aureyngel. All yngel er betalt av andre, slik at det ikkje har kosta laget anna enn litt arbeid. Det vart reist tvil om nytten av slik yngelutslepping. Konklusjonen på diskusjonen var at sjølv om nytten kan diskuterast så bør laget vere behjelpeleg ved slike tiltak så lenge laget ikkje vert påført utgifter. Det vart ein del diskusjon om kven som har rettighetene til fiske frå Lakshøl og til sjøen. Det kom ikkje fram noko klart svar på dette og styret vart oppmoda om å få dette klårlagt.

SAK 4 Til slutt vart det vist 2 videofilmar. Den eine om laks- og aurefiske i ein del skotske elvar samt laksefiske i Vosso, og den andre om skyting med hagle. Begge filmene var instruktive og interessante.

  
Jon Skårhaug  
ref.